

# KYRKJEBLADET

63. årg.

FOR VAKSDAL

Nr.1/2009

**Andakt** Side 3

**Slekters gang** Side 15

**Gudstenesteliste** Side 16



**Ny prost** Side 4

**Ny biskop** Side 5

[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00**

**onsdag kl. 11.00-15.00**

### Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og

### Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Organist i Eksingedalen og Eidsland

#### Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltilf. 95 22 84 47

### Telefon til soknerådsleiarar

**Stamnes:** Odd Helland, 56 59 81 33

**Eksingedalen:** Britt Nese, 56 59 58 12

**Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og**

**Nesheim:** Ragna Lid, 56 59 89 20

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

## Ei bispevigsling

Det er 14 år sidan det sist var vigsling av biskop i Bjørgvin. Difor var det ei spesiell oppleving å få delta under ein slik seremoni. All kyrkjeleg uro, all konflikt, all homofilidebatt kom i andre rekkje. Dagen var prega av høgtid, og ei lang norsk kyrkjestorie.

Då eg fekk pressekortet på jakka, og følgde alle små og store hendingar undervegs på nært hald, vart nok opplevinga noko annleis for meg enn for dei som sat i benkane. Nrk, Scanpix, avisene BA og BT, - og Kyrkjebladet for Vaksdal - kom tett på hendingane. Pressemappe med talar, omtale av biskopen, og bisperekkja på 65 biskopar i Bjørgvin vart utdelt. Såg i forbifarten at den 2. biskopen i rekkja heitte Svein. Me vart førte frå stad til stad i og rundt kyrkja av ei dame frå Kirkerådet som hadde dette som oppdrag.

Og som vanleg gjekk det føre seg ting som ikkje kjem i avisa, og hendingar som tok større plass enn forventa. Ein eldre herre vart sjuk og måtte hentast i ambulanse rett før kongen kom, og eg lurar på korleis det står til med han. Aksjonisten Per Kørner tusla ut kyrkjedøra med refleksvest, etter å ha vore ein tur oppe ved altaret. Dei færraste fekk det med seg, før det stod i avisa. I Håkonshallen var det flott å være, men ikkje godt å sitje. Og me fekk berre tre små glas med drikke under middagen. Men det får vel høyre til ei anna soge. No er biskop Halvor på plass, og me gler oss til å verte nærmare kjent med han.

## Utgjevingsplan for kyrkjebladet

Kyrkjebladet vert levert til trykkeriet på ein måndag, og kjem ut i postkassane veka etter. Frist for stoff til kyrkjebladet må vera innsendt til oss ei veke før trykking. Ettersom posten ikkje alltid leverer bladet når me ynskjer det, har me valt å oppgje vekenummer og forventa dato for utgjeving.

Sommarnummeret kjem ut i veke 24, mellom 10. og 13. juni. Frist 20. mai  
Haustnummeret i veke 34 mellom 19. og 22. august. Frist 31. juli  
Julenummeret kjem ut til advent, veke 48, mellom 25. og 28. november.  
Frist 30. oktober.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjevevja i Vaksdal

**Grafisk utforming:** Wenche Horvei

**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd, boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:** Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Framsidedeilete: Hagegrava i Jerusalem, foto Jorunn Våle Tonckens.

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 20. mai.**





## Barabbas

«Så er du då konge?» sa Pilatus. «Du seier det», svarta Jesus. «Eg er konge. Til det er eg fødd, og til det er eg komen til verda, at eg skal vitne om sanninga. Kvar den som er av sanninga, høyrer mi røyst». «Kva er sanning?» sa Pilatus. Dermed gjekk han ut til jødane att og sa til dei: «Eg finn inga skuld hjå denne mannen. Men de er vane med at eg gjev dykk ein mann fri til påske. Vil de at eg skal gje dykk kongen over jødane fri?» Då ropa dei endå ein gong: «Ikkje han, men Barabbas! Men Barabbas var ein røvar.»

Johannes 18. 37-40

Jesus vart gjeven i Pilatus sine hender. Jødane hadde ikkje nokon rett til å dømme nokon til å døy. Pilatus ville gjerne redde Jesus, men han vart fanga av sine eigne ord. Han let folket få velje kven han skulle sleppe fri. Når Jesus vart sett opp mot den verste røvaren i landet, rekna Pilatus med at det var Jesus dei ville velje å sleppe fri. Men Pilatus forrekna seg. Utan at Pilatus skjøna kva som hende, var det sjølv evangeliet om frelsa som her vart forkynt i handlinga hans. Håpet for alle menneska, Guds nåde, vert klar når Jesus døydde for at den verste røvaren kunne gå fri. Jesus døydde i staden. Barabbas fekk eit nytt liv, og ei ny sjanse til å venda om frå sitt gamle liv.

Barabbas, namnet hans er arameisk, og tyder ”son til far sin”. Dette namnet er òg eit teikn. Når du og eg får verte som barn, søner og døtrer til vår far i himmelen, så vil han gi oss frelsa for Jesus Kristi skuld. Jesus døydde for å sone synda vår.

Vi veit ikkje så mykje om denne Barabbas. Berre om lag det som her står i påskebodskapen i evangelia. Men vi treng ikkje vita meir. Han vert eit bilete for oss på ein som får ta imot frelsa av berre rein nåde. Heilt ufortent. Vi veit ikkje ein gong om han hadde nokon kjennskap til Jesus på førehand. Men eg er ganske overtydd om at han ikkje gløymde Jesusnamnet etter dette. Kvar dag seinare kunne han si at eg lever i dag då Jesus gjekk i døden i staden for meg. Han, den uskulldige, vart dømd for å vere røvaren. Eg vert ikkje lenger tilrekna mi skuld. Hadde det vore eg som var Barabbas, så ville eg ha søkt Peter og dei andre læresveinane og bedt om å få vere med i deira fylgje. Og slik kan vi kome i påsken og bedt om å få vere med i fylgjet av dei truande, dei som set si lit til namnet Jesus. Det er i namnet hans åleine me finn det nye livet. Det er ikkje noko i mitt liv som er så mørkt at eg ikkje kan kome til Jesus med det, og han vil ta imot meg og reisa meg oppatt. Eg får vere ein Barabbas eg òg.

*Med beste helsing  
Edvard Bø*

# Arild Hellesøy

## - ny prost i Hardanger og Voss prosti

Arild Hellesøy er tilsett som ny prost i prostiet vårt etter Knut A. Knudsen som er gått av med pensjon. Prosten er kyrkjeleg mellomleiar med ansvar for Hardanger og Voss prosti, og har som særleg oppgåve å leie prestenesta i prostiet. Me fekk oss ein samtale med den nye prosten vår som vart innsett i tenesta ved ei gudsteneste i Voss kyrkje søndag 18. januar i år.

*Du kjem no i frå liknande prosteteneste i Karasjok i Finnmark. Men du har røter i Bjørgvin, har du ikkje?*

Eg vart fødd i 1960, og vaks opp i Slettebakken i Bergen, etter å ha budd dei tre første åra i Øygarden.

*Du har altså ikkje budd på Voss, sjølv om me har hørt rykte om at far din har gjort teneste der?*

Det stemmer at far min var diakon på Voss. Men det var lenge etter eg vart vaksen, og mens eg sjølv gjorde teneste i Finnmark.

*Er det mange åra du var i Finnmark?*

Eg har hatt heile mi presteteneste der. Det har vorte 21 år. Først var eg i Porsanger. Så kom eg til Karasjok, og fekk etterkvart stillinga der som prost for Indre Finnmark prosti som i stor grad dekker dei samiske områda.

*Presteutdanninga di, kvar har du teke den?*

Eg byrja på Lærarakademiet i Bergen der eg tok kristendom mellomfag samt pedagogikk grunnfag. Så reiste eg til Oslo og fullførde presteutdanninga på Menighetsfakultetet.

*Du har òg med deg familie på flyttelasset?*

Kona mi heiter Anne Karin. Ho har arbeidd som prosjektleiar i trusopplæringa i



Prost Arild Hellesøy.

Foto: Kyrkjebladet.

Karasjok. Vi har tre barn på 21, 18 og 12 år.

*Korleis er det å kome sørover til indre deler av Hordaland?*

Førsteintrykket mitt er svært positivt. Eg ser fram til å verte betre kjend rundt i prostiet, og å kome i funksjon. Eg vil no prioritere å kome rundt på besøk og har allereie planer til fleire stader mellom anna på Vaksdal der og skal treffe kyrkjestaben. Eg ser at det er ikkje det same å vere prost i Finnmark og her i Hardanger og Voss. I

Finnmark var det vakanse i mange av stillingane, og mykje av prosten sitt arbeid var konsentrert rundt å skaffe vikarar. I det heile må prostens arbeidsform variere og tilpassast dei lokale forholda.

*Kva ser du på som dei største utfordringane når du no tek til?*

Det må vere å ta vare på nokre av dei reformene som er vedtekne sentralt i kyrkja, og som no skal plantast lokalt i dei ulike kyrkjely-

dane. Dei kan jo vere svært forskjellige og ha ulik storleik. Det er krevjande å få på plass mange store reformer samstundes og utfordringane vert ekstra på stader som her i Vaksdal med fleire kyrkjelydar med svært små forhold. Eg ser difor at det er naudsynt med prostiet som ein administrativ eining i så måte. Det er òg store oppgåver i å vareta presteskapet på ein god måte.

*Kva av det du har fått med deg frå Finnmark er det som vil vere særleg til nytte for deg i tenesta her?*

Det eg tenkjer på då er ei grunnleggjande forståing for utfordringane i den lokal kyrkjelyden, og at ein må arbeide for gode samarbeidsforhold. Dessutan er det ei oppleving av glede i arbeidet i alle kategoriar av stillingar i kyrkja. At kyrkjetenaren lokalt får bære i seg ei glede og vert verdsett for den oppgåva ho og han gjer. *Etter sigande har nyeprosten òg med seg ein del ekstra kompetanse i bagasjen som kan koma godt med?*

Det låg godt til rette for studiepermisjonar i Finnmark, noko som eg nytta meg flittig av. Det gav gode mogelegheiter for å auke kompetansen. To studieområde som eg særskilt arbeida med er



«Eitiske problemstillingar i eit pluralistisk samfunn» og emne knytt til kyrkjelydsutvikling.

*Kva i preste-/ prostetenesta er det du trivest med?*

Det er det å treffe folk. Så får eg òg eit løft av det å halde gudstenester. Men eg opplever òg det meningsfylte i å hjelpe, og å kunne møte menneske i livets mørke sider.

*Kva driv Arild med på fritida?*

Eg liker å stå på ski. Så er eg òg involvert i korpsmusikk. Eg har spilt litt trompet. Men folk må nok ikkje rekne med at eg spelar solonummer i gudstenestene. Men eg trivest altså godt med musikk.

*Har du med deg snøscooter frå Finnmarksvidda?*

Nei, eg fekk aldri kjøpt meg snøscooter. Det var nok heller at eg leigde når det var naudsynt for å kome seg fram.

*Du er kome på Voss til ei bygd med sterke tradisjonar så vel i matvegen, som det at dei profilerer seg med ekstrem sport.*

*Først kan me jo få høyre om kva som er livretten din?*

Det må vere indrefilet av elg. Eg kan jo for øvrig nemna at eg dei siste fem åra kvart år har vore med på elgjakta i Finnmark. Når det gjeld ekstrem sport så vil eg nok halde meg trygt på landjorda. Det får halde med nokre turar i slalåmbakkane i Bavallen.

Då skal me få ynskje deg og familien hjarteleg velkommen til prostiet og ikkje minst til oss her i bygdene i Vaksdal. Kyrkjelydane vil få anledning til treffe nyeprossten i ei eige gudsteneste i Dale kyrkje søndag 26. april.

# Ny biskop

Halvor Nordhaug vart vigsla til biskop i Bjørgvin søndag 8. mars. Det heile skjedde i Bergen domkyrkje, med påfylgjande lunsj i Håkonshallen. Gudstenesta var open for alle, men samlinga etterpå berre for inviterte gjester.



Nøgde vaksdalsfolk saman med biskopen etter lunsjen i Håkonshallen: Frå venstre Gudrun B. Karlsen, Edvard Bø, Olav Arne Steinkopf, Svein Tøsse, biskop Halvor Nordhaug, Tone Synnøve Steinkopf og Ragna Lid.

Foto: Kari Bø

H M Kong Harald, kyrkjestatsråd Trond Giske og biskopar frå inn- og utland var mellom dei mange som var med på denne høgtidelege handlinga. Det same var ei heller stor gruppe kyrkjelege medarbeidarar frå Vaksdal og! Ragna Lid og Gudrun B Karlsen representerte sokneråda og kyrkjelydsutvala i Vaksdal. Elles representerte Svein Tøsse kyrkjeverjene i bispedømet og

Edvard Bø prestane i Hardanger og Voss prosti. Tone Synnøve Ø Steinkopf sit i bispedømerådet som representant for dei leke tilsette i bispedømet, og ho og mannen var og særskild invitert. Når så stangheltingen Odd Dyvik var mellom Sjømannskyrkja sine representantar, må ein kunne seie at Vaksdal var godt representert den dagen.

Det vart skrive og sagt ein del om biskopen og den høgtidelege dagen i media, og dei fleste har vel fått med seg noko av dette. Meir informasjon om biskopen og vigslingsdagen kan ein mellom anna finne på bispedømet si heimeside:

**[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)  
Kyrkjelydane i Vaksdal ynskjer den nye biskopen Guds rike signing over tenesta!**



# Kyrkjegardsdag, kva er det?

Om våren, minst annakvart år, har fleire av sokneråda våre skipa til kyrkjegardsdag.

Desse tilskipingane har vorte svært populære dei stadene me har fått det til. Det er sokneråda som inviterer alle som har tilknytning til kyrkjegardane til å møte opp og gjere ein innsats for fellesskapet.

Dei som har stilt opp på desse dagane, har fått hjelp til å rette opp skeive gravsteinar, vaske gravsteinar, plante og rydde. Sokneråda har stilt opp med vaflar og kaker, kaffi og saft. I Eksingedalen og på Stamnes har Astrids gartneri hatt sal av blomar. Mange har kjøpt blomar både til gravene og til å ta med heim i hagen, og kvaliteten har vore svært god. Jan Ove Olsen frå gravferdsbyrået har stilt opp med utstyr og kompetanse, og hjelpt til med sikring av gravsteinar. Det har vore høve til å tinge arbeid, reparasjonar og nye gravminne og.

For kyrkjeverja har dette vore eit kjærkome høve til å finne ut meir om gamle graver utan festarar, og kven som er ansvarlege for graver ein ikkje har registrert festarar for. Feil på kyrkjegardskarta har vorte retta på. Det har og vore høve til å få svar på spørsmål som gjeld feste av grav, festetid, rekningar, flytting av graver, lovverk, ordningar for tinging av gravstell, og legat for



Kyrkjegardsdag på Nesheim.

gravstell.

Kyrkjegardsdagane plar gjennomførast tidleg på våren, når lauvet sprett. Som ein veit er det uvisst kor tidleg snøen og frosten er gått ut av jorda, særleg på Nesheim og i Bergsdalen, så ein må følgje med på plakatar og kunngjingar.

Alle tek likevel sikte på å ha kyrkjegardsdag før konfirmasjonane, eller 17. mai.

Kanskje det er lettare for dei som bur ute i bygdene å ta seg tid til å delta?

Som tidlegare har me fått avtale med Astrids gartneri om sal av blomar til planting. Gravferdsbyrået stiller med ein av gravsteinsleverandørane, og i år vil det nystarta firmaet Steinriket koma. Soknerådet stiller som vanleg med vaflar og kaffi.



Pause ved vaffelbordet.

## Kyrkjegardsdagar våren 2009:

Stamnes	5. mai	kl 1600-1800
Eidsland	22. april	kl 1600-1800
Bergsdalen	15. mai	kl 1300 - 1500
Nesheim	Ikkje fastsett dato og tid.	

Det bør helst vere opphaldsvær, difor kan tilskipingane verte flytta. Følg med på plakatar og kunngjingar!





Den tomme grava.

## Påskevandring i Israel

I fastetida i år fekk eg gleda av å reisa rundt i Israel i 12 dagar. Dette har gjeve meg ekstra forventningar til påskehøgtida. Eg har fått vandra ned den bratte Palmesundagstien, vore i nattverdsalen, Getsemanehagen, Via Dolorosa (lidingsvegen), Gravkyrkja, Gordons Golgata og sett den

tomme grava. Ofte er det bygd ei kyrkje til minne om hendingane, og det gjer at me ikkje får sjå staden akkurat slik den var på Jesu tid. Det er ikkje sikkert at dei aktuelle hendingane fann stad eksakt der eg har vore, men det er heller ikkje poenget. Det som står heilt klart for meg etter rundrei-

sa i Det heilage landet, er at Jesus har levd her. Han døyde på krossen for vår skuld og har er oppstaden. Grava er tom, og eg har sett det med egne augo. God påske!

Jorunn Våle Tonckens



Mosaikkbilete frå Dominus Flevit (Tårekyrkja).

## Kyrkjegarden skal tene både dei levande og dei døde

Den skal vera funksjonell og tilrettelagt for dei som vitjar den. Portar og gjerder, tre og busker skal lage ei ramme rundt kyrkjegarden som gjev dei døde ein verdig kvilestad. Kyrkjegarden kan og vere til rekreasjon for dei som ynskjer ein stil-

le stad der ein ikkje skal forstyrrast av det kvardagslege, og der ferdsla skjer gåande. Vedlikehaldet skal vere enkelt å utføre, slik at ein kan halde ein høg standard.

Kyrkjegarden kan og vere ein møteplass. Nokon treng

hjelp til å stelle graver, nokon kan hjelpe. Ynskjer du hjelp til å stelle ei grav, eller har du høve til å hjelpe nokon? Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, så vil me prøve å få til ei ordning til beste for alle.







Norske konfirmanter: En gruppe med norske konfirmanter besøkte Bangladesh i vår sammen med Kirkens Nødhjelp. Her får de se jorderosjon på nært hold.

Alle foto: Kirkens Nødhjelp

# Ashas ark

Når flaumen riv vekk hus og eiendelar, kastar Asha (17) seg i ein båt for å berge folk og fe.



Asha, eller Ashamoni som hun egentlig heter (har ikke etternavn), bor på sandøya Manushmara i Bangladesh. Hun deltar i kampen mot klimaendringene og bidrar blant annet med treplanting i regi av organisasjonen RDRS som er Kirkens Nødhjelps partner nord i Bangladesh.

I 2009 set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon "SOS frå sør" fokus på korleis fattige menneske blir ramma av klimaendringane. 35.000 bøssebeararar over heile landet viser tysdag 31. mars sitt engasjement. Vaksdal, Dale og Stamnes kyrkjelyd er med på aksjonen.

Ei av dei som blir råka hardt av følgjene frå klimaen-

dringane er Asha. Ho bur på øya Manushmarar midt i den store elva Brahmaputra nord i Bangladesh. Dei 20 000 innbyggjarane på øya er vane med flaumen som kjem kvart år. Men på grunn av klimaendringane har flaumen vorte både større og sterkare dei siste åra. Og konsekvensane er dramatiske. Når elva stig, borer vassmassane seg inn i sanden og

riv med seg store bitar av øya.

- Flaumen i fjor var den største eg kan hugse å ha opplevd. Mange naboar mista husa sine og alt dei eigde. Det var vondt å sjå, fortel Asha (17). Den unge jenta er med i ei av ungdomsgruppene på øya som trår til i redningsarbeidet når det er flaum.

## Redda folk frå taket

Asha fortel at vatnet rakk henne heilt opp til hovudet under fjorårets flaum. Ungdommane måtte bruke båtar for å redde folk som hadde klatra opp på taket og ropte etter hjelp.

- Vi sleit med å finne nok båtar til å redde dei, men til slutt fekk vi heldigvis frakta alle til ein trygg stad. Deretter drog eg heim og henta all maten vi hadde for



å gje han til barna. Dei var både redde og svoltne, seier Asha. I fjor døyde hundrevis av menneske i vassmassane i Bangladesh, og nesten ein million menneske mista heimane sine.

### Førebud seg på ny flaum

Vatnet i elva kjem frå isbreane og snømassane i Himalaya. Den globale oppvarminga har ført til at meir og meir is smeltar, og difor renn stadig større mengder vatn gjennom Bangladesh. Dette rammar menneska på sandøyene hardast.

- Vi prøver å verne oss på førehand. For eksempel bygger vi husa oppå sandhaugar slik at vatnet ikkje skal nå dei, og vi plantar tre for at sandhaugane ikkje skal skyljast ut i vatnet. Håpet er at færre menneske vert ramma av neste storflaum. Dersom alle er godt førebudde, kan vi avgrense skadane, forklarar Asha.

### Saman mot klimaendringar

Kirkens Nødhjelp støttar både treplanting og sikring av hus på sandøyene i Bangladesh.

Partnerorganisasjonen RDRS (Rangpur Dinajpur Rural Service) organiserer dessutan grupper som vert førebudde til aksjon når katastrofen rammar. Nokon får ansvar for flaumvarsling, andre driv redningsarbeid og gjev fyrstehjelp til skadde. Det er éi av desse gruppene Asha er med i.

- Eg er førebudd på at det

vert fleire redningsoppgåver på meg framover, konstaterer Asha. Ho vonar at nordmenn gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon vil vere med å redusere utsiktene til endå fleire flaumar. - Dersom vi kan stanse klimaendringane, vil livet verte tryggare for oss her på øya, seier den unge jenta.

Gjennom å støtta fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, kan du hjelpe menneske så dei kan stå sterkare når flaum og ekstremt ver kjem stadig hyppigare. 31. mars vonar vi at heile Vaksdal, Dale og Stamnes kyrkjelyd blir med på å kjempe mot klimaendringane!

**Ps: Aksjonen treng fleire vaksne bøsseberarar som kan gå saman med konfirmantane. Meld deg til ein meningsfull kveld ved å kontakte kyrkjekontoret, tlf. 56 59 39 20.**

## Klimaendringar i Bangladesh

- Ein reknar med at klimaendringar fører til meir langvarige flaumar og hyppigare tørkekatastrofar i Bangladesh.
- Dei største flaumane legg opp til to tredelar av landet under vatn.
- Bangladesh er eit av verdas fattigaste og mest befolkningstette land.
- Folk har avgrensa ressursar til å tilpasse seg klimaendringane.
- Fram mot år 2100 kan havstigning leggje 18 prosent av landet under vatn og gjere store områder ubrukelege for jordbruk fordi saltvatn trekk inn i jordsmonnet.



Fire ungdommer: Saddi (16), Homida (22), Jorif (19) og Asha (17) planter trær på en jordhaug, eller plint som det kalles, i Bangladesh. Treplantingen skal hindre jorderosjon.



# Frå konfirmantarbeidet

Etter nyttår har konfirman- tane frå Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Stamns vore inndelt i grupper, og har halde på med ulike aktivite- tar. Somme er med på Vaksdal Kristelege Ungdomslag (KUL), og teke del i førebuing og gjennom- føring av samlingane dei har fredagskveldane. Andre er leiarar i Stamnes VING. Både på Daletunet og i Sveabrekko på Stamnes vit- jar konfirmantar dei eldre. I tillegg er nokre av konfir-

mantane med i ei friluft- gruppe. Dei skal mellom anna dra på overnattingstur med høve til å sove under open himmel.

Konfirmantane i den nemnte sokna er og aktive under Fasteaksjonen tysdag 31. mars, og då kjem dei på dørene frå kl. 17. Innsamlingsresultatet brukar å vere godt i Vaksdal denne dagen, og kjem jam- vel høgt opp på resultatlista for heile landet. Så ta vel i mot konfirmantar og



Konfirmantane på Daletunet vitjar dei som bur i trygdebustadane, og hjelper dei med t.d. handling i butikkane. Dei som er med i gruppa er Ørjan Audestad, Espen H. Dalseid, Even J. Indrebø, Maria Brekke, Marita F. Osvold og Inger Lise Berge.

andre som kjem med innsamlingsbøssene!

## - Viktig talerøyr for ungdom

Frå fredag til søndag skulle me gjennom omfattande program. Etegilder og sosiale samkvem høyrer med når ungdommen samlast. Men det var og ei formell setting over det heile. Me slutta til dømes å oppføre oss som vanlege folk, og starta å oppføre oss som delegatar.

Konstitusjoneringa vart eit faktum, og vedtaka skulle stemmast over. Her kan nemnast at etterkvart som timane gjekk tok nok det "folkelege" over i form av slurv, trøttleik, skriveleifer og avvik til forretningsplanen. Men ein lærer. Siste aktivitet var ei gudsteneste. UT kunne då leggja frå seg semjer og usemjer, og tene Gud saman!

Sakslista inneholdt tema innan trusopplæring, gudstenestereform, ungdom inn i sokneråda, ny biskop, søsken under same tak m.fl. Delegatane vart delte inn i

komitear som diskuterte sakene kvar for seg, for så å leggja dei fram i plenumsamling. Både i komiteane og i plenumssamlinga lyt ein seie at engasjementet var sterkt frå delegatane si side! Tidsskjema vart sprengde i plenumssamlingane, og komiteen for gudstenestereform sat dømevis oppe og diskuterte til kl 01:00 natt til søndag! For å nemne nokre viktige saker kan ein trekkja ut trusopplæringstilbod; både frå sokna sin ståstad med kursing o.l, og frå kyrkjelydane sin ståstad, der ein kan oppfordre eldre i kyrkjelydane til å invitere ungdom heim til seg og halde trusopplæring i form av bibelgrupper! UT diskuterte om den yngre garde bør inn i sokneråda. Gudstenestereforma og utfordringer "søsken under samme tak" var saker der delegatane sprikte mest i



Ungdomstinget (UT) 09 for Bjørgvin bispedøme vart arrangert 13-15. mars. Kyrkjelydane i Vaksdal var godt representerte med delegatar frå Vaksdal, Dale og Nesheim sokn: Torbjørn Audestad, Kjetil Kringlebotten og Lars Bjarne Nesheim.

Foto: Ingrid Hetlevik

meningsytringar. Vedtak vart likevel fatta, og ein kunne fortsetje diskusjonane med kvarandre i etterkant av plenumssamlingane.

UT er eit viktig talerøyr for ungdommen til å få sagt noko oppover i kyrkjesystemet. Ungdommen vert lytta til, og er ikkje ei skrikande stem-

me i ingenmannsland. Kyrkjelydane i Vaksdal har flott og engasjert ungdom der mange er engasjerte og har meiningar! Kom med saker slik at Ungdomstinget kan verte velfungerande!

**Lars Bjarne Nesheim, nyvalt medlem i Bjørgvin bispedøme sitt ungdomsråd.**



# Kyrkjevalet 2009



I haust skal det veljast nye sokneråd. Kyrkjevala over heile landet går føre seg samstundes som stortingsvalet, den 13. og 14. september 2009.

Denne gongen kjem ikkje valet til å gå føre seg i kyrkjene, men i lokale som ligg nær dei som vert nytta ved kommune – og stortingsval. Dette er venta å auke deltakinga ved valet. Denne ordninga vart prøvd mange stader i landet ved sist val, og erfaringane gjorde at det vart bestemt å innføre ordninga i heile landet. I Vaksdal vert stort sett skulane nytta til vallokale, og dermed skulle det vere enkelt å finne eit rom for kyrkjevalet. Korleis me elles løyser denne utfordringa lokalt, er ikkje avgjort enno.

Det skal og gjennomførast bispedømerådsval denne dagen. Det vert dermed minst to separate lister, om lag som når det er kommune – og fylkestingsval. Reglane er litt meir innfløkte enn ved stortingsvalet. Det ser ein av dette utdraget frå kirkerådet si heimeside, [www.kirken.no](http://www.kirken.no) (redaktøren har teke seg fri-dom til å omsetje avsnittet til nynorsk):

Bispedømmerådet er samansett av Biskopen, ein prest valt av prestane i bispedømmet, ein lek (som "lekfolk", "lek-mann") kyrkeleg tilsett valt av dei leke kyrkjeleg tilsette i bispedømmet, og sju andre leke. Dei leke representantane vert valt anten ved eit reint direkte val, slik at sju representantar vert valt av bispedømmet sine røysteføre medlem-

mar; eller ved ein kombinasjon av direkte og indirekte val, slik at tre til fire representantar vert valt av bispedømmet sine røysteføre medlemmar (direkte val), medan tre til fire representantar vert valde av soknerådsmedlemmane i bispedømmet (indirekte val). Bispedømmerådet avgjer om fleirtalet i kombinasjonsordninga skal veljast ved direkte eller indirekte val.

Valperioden denne gongen er på to år, fram til hausten 2011. I ein overgangsfase skal nytt sokneråd berre sitje i to år, fram til 2011. Det er av di det skal prøvast å halde dei kyrkjelege vala samstundes som kommune- og fylkestingsvalet. Dei nyvalde sokneråda skal tiltre alt 1. november 2009.

## Tidlegare nominasjonsprosess

Det vert rådd til at nominasjonskomiteane startar arbeidet sitt seinast i februar 2009, og at sokneråda prioriterar å gjere eit grundig arbeid med nominasjonen.

Førehandsrøystinga byrjar 10. august. Sokneråda må difor ha kandidatlistene klare før sumaren. Frist for innlevering av listeforslag til soknerådet er 15. mai.

## Fleire lister

Vala vert til vanleg gjennomførte som fleirtalsval. Dersom det vert sett opp fleire lister i eit sokn, vert det forholdstalsval. Alle som ynskjer det, kan gå saman om å setje opp ei liste til valet, med rett tal på kandidatar. Sokneråda har 4, 6 eller 8 medlemmar alt etter storleik, og 5 varamedlemmar.


Listeframlegg skal leverast til valstyret i soknet, og ha frå 11 til 26 namn. Helst med minst 40% av kvart kjønn. 20% av rådet bør vere under 30 år. Framlegg til liste skal underskrivast av 10 røysteføre personar. Dei sitjande sokneråda er lokale valstyre, og har ansvaret for gjennomføringa av kyrkjevalet. Alle medlemmar mellom 18 og 65 år er valbare.

Røysterett har alle medlemmane som fyller 15 år i 2009, eller er eldre. Ein må vere busett i soknet, og vere medlem i Den norske kyrkja. Medlemsskapet kan du kontrollere ved å ta kontakt med ditt lokale kyrkjekontor.

## Gje kyrkja eit godt råd!

Me vil oppfordre alle som ynskjer å engasjere seg i aktivitetar for born og ungdom, og drift av kyrkjer og kyrkjegar-dar, til å sei ja til å stå på lista til nytt sokneråd. Du kan få stor innflytelse på kyrkja si verksam-d ved å engasjere deg. Ynskjer du sjølv å stå på lista eller har tips om andre som kan verte spurde så ta kontakt med kyrkjekontoret.

Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål om valet. Elles finn du alt om valet på om du går inn på [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no) link til kyrkjevalet 2009 i høre spalte.





## Orgelresitasjonar i påska

Orgelresitasjon er ein minikonsert med musikk til ettertanke, knytt til påskehøgtida. Konsertane går føre seg ein halv time før gudstenesta.

### VAKSDAL KYRKJE

**9. april – Skjærtorsdag kl.19.30**

v/Olav Arne Steinkopf

### STAMNES KYRKJE

**10. april – Langfredag kl.16.30**

v/Tone Synnøve Øygard Steinkopf

### DALE KYRKJE

**10. april – Langfredag kl.19.30**

v/Tone Synnøve Øygard Steinkopf



## Møt den nye prosten

Prost Arild Hellesøy vert med i gudstenesta i Dale kyrkje søndag 26. april kl. 18.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi, med høve til å bli betre kjent med prosten.

Gudstenesta er felles for alle sokna i Vaksdal, og det er førebels ikkje planar om prostevitjing i dei andre kyrkjene.

## Dobbel-fakturering

Feilkopling i gravarkivet på kyrkjekontoret førte til at om lag 45 festarar fekk tilsendt nye rekingar for festavgifter som dei hadde betalt i november 2008.

Leverandøren av systemet seier seg lei for feilen, og me sluttar oss til. Dersom nokon alt har betalt den feilutsendte rekinga, vil dei få pengane tilbake.

## Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret


### Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - kr. 250,-.

Kan kjøpast i butikkane på Lavik og Evanger og i Voss Bokhandel.

Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



### Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider – kr 300,-.

Kan kjøpast her:

Dale: Gyda og Mix

Voss: Notabene i Voss Amfi og

Voss Bokhandel

Evanger: I butikken


Bergsdalen: Hjø medl. i KLU og i kyrkja



### Kyrkjestaden Dale 100 år

(1996)


104 sider – kr. 50,-.



### Soga om Stamneskyrkja

(1986)

239 sider – kr. 50,-.





# Lat oss be!

**Guds ord oppmoder oss å vere frimodige i bøna. Det er Herren sjølv som vil at vi skal kome til han med alle ting. Guds ord til oss er faktisk ganske rett fram og ubeskytta: «Bed, så skal de få. Leita, så skal de finna. Banka på, så skal det verta opplate for dykk.»**

Kan me verkeleg tru dette? Er det så enkelt? Bøn er ikkje magi, men det er kommunikasjonslina som vi har fått til vår Himmelske far som elsker oss. Det handlar om å gå inn i ein relasjon til Herren som har all makt i himmelen og på jorda. I same avsnittet i Matt.7 seier Jesus det slik: «*Når no de som er vonde veit å gje borna dykkar gode gåver, kor mykje meir skal ikkje då Far dykkar i himmelen gje gode gåver til dei som bed han!*»

Vi ynskjer å fokusere på bøn i kyrkjelydane våre frametter. Bøna er som ei lunge so vel i det personlege kristenlivet, som i livet i kyrkjelyden. Vi pustar inn det som Herren vil gje oss og tale til oss. Vi pustar ut våre smerter, sannar syndene våre og legg over på han alt som tynger oss. I bøna opnar vi hjarto våre så Herren kan koma inn og gjere si gjerning mellom oss.

Her er nokre av dei bøneemna som vi vil oppmoda om at de vil vere med å be for:

At born og unge må få møte Jesus i arbeidet vårt i babysong, søndagsskule, barnelag, barnekor, ving og ungdomsarbeid i dei 6 kyrkjelydane våre.

For konfirmantarbeidet og konfirmantane.

For dei som kjem og døyper borna sine og for dåpsborna.

For brudepara som giftar seg i kyrkjene våre.

For dei tilsette i kyrkja og alle dei andre medarbeidarane.

For eit godt val på nye sokneråd til hausten.

For kyrkjebladet.

For framgang i alt kristent arbeid i soknet vårt.

For dei som er sjuke.

For dei som syrgjer over sine kjære som er gått bort.

For dei som no vert arbeidslause.

Dei som er einsame.

For dei som slit med å betale dyre huslån.

At me i kyrkje og bedehus må skipa til gudstenester og gode møtestader der folk kan kjenne seg heime, og der dei kan verte oppmuntra til eit liv i tru og kjærleik.

At Herren må kalle nye arbeidarar til eit liv i teneste for han lokalt, og globalt.

Om ein økonomi som gjer oss i stand til å tene menneska på vår stad med omsorg og engasjement.

Om evne til å inkludere innflyttarane imellom oss.

Bøn er òg å takka for Herren sine velsigningar og velgjerningar. Det handlar om å opne augene. Mykje av det som me tek som sjølvsgagt, er ikkje det. Livet sjølv er ei gáva, og medmenneske vårt likeså. Størst av alt er kjærleiken oss imellom og frå Gud Herren sjølv.



## Det er makt i de foldede hender

Det er makt i de foldede hender.

I seg selv er de svake og små.

Men mot allmaktens Gud du dem vender,

Han har lovet at svar skal du få.

Omkved:

Det er svar underveis,

Engler kommer med bud.

Om det drøyer, det fram dog skal nå.

For det lovet jo løftenes trofaste Gud:

Kall på meg, og du hjelpen skal få!

*Tekst: Trygve Bjerkrheim*

## Frans av Assisis bøn

Herre!

Gjer meg til ein redskap for din fred.

Lat meg skape kjærleik der hatet rår.

Lat meg skape tilgiving der det er gjort urett.

Lat meg skape semje der usemja rår.

Lat meg skape tru der tvilen er sterk.

Lat meg skape sanning der uvissa rår.

Lat meg skape lys der mørket har all makt.

Lat meg skape glede der det er sorg.

Å Meister!

Lat meg ikkje søkje så mykje å verta trøysta som å trøyste.

Ikkje så mykje å verta forstått som å forstå.

Ikkje så mykje å verta elska som å elske.

For det er ved å gi at vi får.

Det er ved å gløyme seg sjølv at vi finn oss sjølve.

Det er ved å tilgi andre at vi sjølve får tilgiving.

Det er ved å døy at vi står opp til evig liv.

Amen.



## GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

 SparebankenVest  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)

**Ve vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

**S**

**STEINRIKET  
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)



- ein lokal medspelar



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.

## SÆTERDAL ELEKTRO


Me leverer alt innan elektrika-  
tenester, også varmepumper.  
Tlf. 56 59 43 00

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar*

Ann-Elin Mjelde Gullbrå  
Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66



Teikning og prosjektering  
av  
Hus, hytte, garasje, terrasse, ark  
Ombygging av  
nye og gamle hus.

Hjelp til byggesøknader

**Meterstokken**

Ing. Svein Tøsse  
Tlf 56 59 80 71  
[meterstokken@vaksdalanet.no](mailto:meterstokken@vaksdalanet.no)



# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Dale

08.02.2009 Emil Gjermo Jakobsen  
08.03.2009 Emily Dansdatter Hesjedal

### Stamnes

26.12.2008 Sondre Mustafic Brekkhus  
26.12.2008 Andreas Mustafic Brekkhus  
26.12.2008 Silas Dyvik Haugstvedt  
26.12.2008 Isabella Kleppe Lilletvedt  
11.01.2009 Sigrid Pedersen Eilertsen



### Vaksdal

11.01.2009 Johanne Rohde (døpt i Arna kyrkje)  
01.02.2009 Sean André Dyrdal Eriksen  
15.02.2009 Elias Hesjedal Haug  
15.02.2009 Leah Celine Olsen Hammersland (døpt i Åsane kyrkje)  
15.02.2009 Isak Middleton  
01.03.2009 Olav Boge-Tranøy



## VIGDE

### Dale

10.02.2009 Hilde Berntzen og Ronny Vatle Lilletvedt

## DØDE

### Dale

19.11.2008 Aslaug Hagebø f. 1926  
20.11.2008 Gudrun Aldal Vågen f. 1909  
20.11.2008 Margit Birgitte Fyllingslid f. 1911  
22.11.2008 Ole Kristian Risnes f. 1968  
23.11.2008 Magnhild Dankertsen f. 1918  
24.11.2008 Arthur O Eide f. 1915  
23.12.2008 Ingolf Øpsen f. 1929  
26.12.2008 Else Forthun f. 1916  
31.12.2008 Solveig Larsen f. 1927  
03.01.2009 Lilly Standal f. 1925  
03.01.2009 Odd Henrik Hesjedal f. 1922  
03.01.2009 Kjell Grenasberg f. 1938  
22.01.2009 Martin Fasteland f. 1933  
01.02.2009 Magnar Hårvik f. 1938  
02.02.2009 Borghild Haug f. 1917  
20.02.2009 Gunhild Flage f. 1922

### Stamnes

12.11.2008 Olina Øye Skjerve f. 1923  
24.11.2008 Margit Bjørsvik Stamnes f. 1926  
27.11.2008 Hans A Brørvik f. 1920  
07.12.2008 Ruth Hillfrid Hagen f. 1923  
10.12.2008 Gunnar Magnar Dæmring f. 1941

### Vaksdal

16.12.2008 Anny Løtvedt f. 1928  
26.12.2008 Laila Blomdal Milde f. 1943  
26.12.2008 Pernille Sæterdal f. 1915  
12.01.2009 Helga Brørvik f. 1924  
26.01.2009 Johannes Fossdal f. 1923  
01.02.2009 Kirsten Skage f. 1923  
09.02.2009 Bjarne Georg Olsen f. 1926

## Dei ti Guds bod

### 3. Du skal halda kviledagen heilag.

*Det tyder: Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje vanvørder samlinga om Guds ord, men held Ordet heilagt, gjerne høyrer og lærer det.*



**VELKOMEN TIL KYRKJA****Sundag 29.03.09** 5. søndag i faste

1. Mos, 22,113

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Edvard Bø.  
Takkoffer til Kirkens Fengselsarbeid.**Sundag 05.04.09 PALMESUNDAG**

Joh. 12,113

DALE KYRKJE kl. 11:00 Høgmesse. Dåp. Edvard Bø.  
Takkoffer til Kristen Idrettskontakt, KRIK.NESHEIM KYRKJE kl. 11:00 Familiiegudsteneste. Frode  
Kvamsøe. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

BERGSDALEN kl. 12:30 Sportsandakt. Edvard Bø.

**Torsdag 09.04.09 SKJÆRTORS DAG**

Matt. 26,1729

EIDSLAND KAPELL kl. 11:00 Nattverdsgudsteneste. Edvard  
Bø. Takkoffer til Tibetmisjonen.VAKSDAL KYRKJE kl. 19:30 Orgelresitasjon Olav Arne  
Steinkopf kl. 20:00. Nattverdsgudsteneste. Edvard Bø.**Fredag 10.04.09 LANGFREDAG**

Matt. 26,30-27,50

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00 Pasjonsgudsteneste.  
Nattverd. Frode Kvamsøe.STAMNES KYRKJE kl. 16:30 Orgelresitasjon Tone Synnøve  
Steinkopf kl. 17:00. Pasjonsgudsteneste. Dåp. Frode Kvamsøe.DALE KYRKJE kl. 19:30 Orgelresitasjon Tone Synnøve  
Steinkopf kl. 20:00. Pasjonsgudsteneste. Edvard Bø.**Sundag 12.04.09 PÅSKEDAG**

Matt. 28,18

NESHEIM KYRKJE kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste. Nattverd.  
Edvard Bø. Takkoffer til Fagertun leirstad.VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste (felles for  
Stamnes, Dale og Vaksdal). Dåp og nattverd. Frode Kvamsøe.  
Takkoffer til Søndagsskolen Bergen krets.BERGSDALEN KYRKJE kl. 20:00 Høgtidsgudsteneste.  
Nattverd. Frode Kvamsøe. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.**Sundag 19.04.09** 1. søndag etter påske

Joh. 20,1931

STAMNES KYRKJE kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Frode  
Kvamsøe. Takkoffer til Kirkens Bymisjon.VAKSDAL KYRKJE kl. 19:00 Høgmesse. Nattverd. Frode  
Kvamsøe. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.**Sundag 26.04.09** 2. søndag etter påske

Joh. 10,1116

EIDSLAND KAPELL kl. 11:00 Konfirmasjon. Edvard Bø.  
Takkoffer til Konfirmantarbeidet.DALE KYRKJE kl. 18:00 Høgmesse. Nattverd. Hellesøy,  
Kvamsøe og Bø. Takkoffer til Fagertun leirstad.**Fredag 01.05.09** 1. MAI

Luk. 6,3638

VAKSDAL KYRKJE kl. 09:30 Høgmesse. Edvard Bø. Takkoffer  
til Kristne Arbeidere.DALE KYRKJE kl. 11:00 Høgmesse. Edvard Bø. Takkoffer til  
Kristne Arbeidere.**Sundag 03.05.09** 3. søndag etter påske

Joh. 16,1622

DALE KYRKJE kl. 11:00 Konfirmasjon. Frode Kvamsøe.  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00 Høgmesse. Dåp og natt-  
verd. Jan Ove Totland. Takkoffer til Tibetmisjonen.VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00 Konfirmasjon. Edvard Bø.  
Takkoffer til Barne og ungdomsarbeid.**Sundag 10.05.09** 4. søndag etter påske

Joh. 16,515

STAMNES KYRKJE kl. 11:00 Konfirmasjon. Edvard Bø.  
Takkoffer til Konfirmantarbeidet.**Sundag 17.05.09** 17. MAI

Jer. 29,11-14a

VAKSDAL KYRKJE kl. 10:00 Høgmesse. Vikar. Takkoffer til  
Sjømannskyrkja.DALE KYRKJE kl. 10:30 Høgmesse. Frode Kvamsøe. Takkoffer  
til Kirkens SOS Bjørgvin.EIDSLAND KAPELL kl. 12:30 Familiiegudsteneste. Frode  
Kvamsøe. Takkoffer til Redd Barna.STAMNES KYRKJE kl. 12:30 Familiiegudsteneste. Vikar.  
Takkoffer til Redd Barna.**Torsdag 21.05.09** HELGETORS DAG

Luk. 24,4653

STAMNES SOKN kl. 12:00 Vassbakkstemna. Frode Kvamsøe.

**Sundag 24.05.09** 6. søndag etter påske

Joh. 15,2616,4a

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00 Konfirmasjon. Frode  
Kvamsøe. Takkoffer til Fagertun leirstad.NESHEIM KYRKJE kl. 15:00 Høgmesse. Nattverd. Kjersti B.  
Boge. Takkoffer til Tibetmisjonen.**Sundag 31.05.09** PINSEDAG

Joh. 14,2329

DALE KYRKJE kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste (felles for  
Stamnes, Vaksdal og Dale). Nattverd Edvard Bø. Takkoffer til  
Tibetmisjonen.EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 13:00 Konfirmasjon. Frode  
Kvamsøe. Takkoffer til Fagertun leirstad.BERGSDALEN KYRKJE kl. 20:00 Høgtidsgudsteneste.  
Nattverd. Edvard Bø. Takkoffer til Sjømannskyrkja.**Sundag 07.06.2009** TREEININGSSUNDAG

Joh. 3,115

STAMNES KYRKJE kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Frode  
Kvamsøe. Takkoffer til Normisjon.

VAKSDAL SOKN kl. 12:00 Fitjvasstemna. Edvard Bø.

**SUNDAG 14.06.2009** 2. søndag etter pinse

Luk. 16,1931

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00 Familiiegudsteneste. Frode  
Kvamsøe. Takkoffer til Familier & Medier.*Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.*